



Møteprotokoll Kommunestyret

Møtedato: 11.12.2025
Møtetid: Kl. 09:00 - 16:00
Møtestad: Kommunestyresalen

Frammøtte	Parti
Linda Katrine Gangstad Nordli	AP
Eivind Brenna	BL
Gro Berge	BL
Idunn Lyster	BL
Vidar Opheim	BL
Anne Berit Strømmen Strand	SP
Einar Lome	SP
Endre Stee	SP
Frode Rolandsgard	SP
Gerd Nanti Vika Helle	SP
Haldor Ødegård	SP
Kristine Ringsaker Vika	SP
Kristine Tande	SP
Marit Olvik	SP
Trine Vistemyren	SP
Ketil Rogn Hamre	MDG
Forfall	Parti
Ola Haugrud	AP

Idunn Lyster deltok fram til kl 1430 før røysting på sak 071/25 vart gjennomført.

Ugild	Sak	Varamedl. møtte	Merknad
Kristine Ringsaker Vika	072/25	,	Fvl § 6 1.ledd pkt e
Marit Olvik	072/25	,	Fvl § 6 1.ledd pkt e
Frode Rolandsgard	075/25	,	Fvl § 6 1.ledd pkt e

Møtenotater:

Orientering Nøsen Yoga og fjellhotell AS v/Aleksander Medin

Informasjon frå ordførar

- Basishall - mønaskål truleg 13.februar
- Kulturkveld - kommunale prisar 23.januar
- Overordna næringsstrategi for Valdres - sak i regionrådet - viktig handsaming i kommunastyra i Valdres
- Eigarskapskontroll - VLMS - E og Valdres natur og kulturpark
- kommunekommisjon - nasjonalt utvalg - kjem som NOU våren 2026

- Helsereformutvalet - regjeringsoppnevnt - nye modeller for styring og finansiering av helsetenestene i Noreg
- Beredskapsøving 11.november - stort omfang
- Norges bygdekvinnelag ønskjer å delta i beredskapsarbeidet

Informasjon frå kommunedirektør

1. Status investeringsprosjekter - informasjon om dei største investeringsprosjekta
2. Veterinærvaktavtale - ny avtale om veterinærvakt frå 1.1.26 er ferdigforhandla
3. Implementering av nytt økonomi og personalsystem (ERP) -
4. Takvinkel – søyler - prosess - oppfølging av kommunestyret si drøftingssak
5. Plan for eldrepolitikk - mandat i kommunestyremøte i februar - slutthandsaming av plan i kommunestyremøtet i juni 2026.

Spørsmål til ordførar:

Spørsmål 1 frå Gerd Nanti Vika Helle (SP)

Har vorte kjent med at når grendahusa arr. enkelte tilstellingar på sine gredehus søker dei om ambulerande skjenkeløyve. Dette kosta dei kr.500 kvar gong.

Kan det vere muleg å søke for fleire arr. på ein gong og få berre eit gebyr, dersom søknaden visar til alle datoar for arrangementa og kven som er ansvarleg for kvar gong?.

Dette vi redusere byråkratiet og grendahusa sparer utgifter.

Svar:

Ja, administrasjonen praktiserer søknadar slik det her er ønskje om.

Spørsmål frå Frode Rolandsgard (SP)

Det er i prosess ein delingssak knytt til eit gardsbruk mellom anna grunngjeve i bruksrasjonalisering. Blir denne saken handsama delegert eller blir det ei politisk handsaming?

Svar:

Sjå vedtak i sak 071/25 Handlings- og økonomiplan.

Spørsmål frå Eivind Brenna (BL)

Deling av gårder er prinsipielle og bør bli håndtert av kommunestyret.

Svar:

Sjå vedtak i sak 071/25 Handlings- og økonomiplan.

Spørsmål frå Eivind Brenna (BL)

Kva tenkjer ordføraren om utbyggingsavtalar og tilleggssavtalar på utbygginger knytt til VSK sine VA-anlegg og som ligg i andre kommunar?

Svar: Dette kjem som forslag til handsaming av handlings- og økonomiplan. Sjå pkt 8a i vedtaket i sak 071/25 Handlings- og økonomiplan.

Sakliste**Sak nr.****Sakstittel**

070/25	Godkjenning av innkalling og møteprotokoll fra forrige møte
071/25	Handlings- og økonomiplan 2026-2029 - handsaming i kommunestyret
072/25	Aktivitetsvegg - lekeareal - opsjon
073/25	Anmodning om busetting av flyktingar 2026
074/25	Prioritert handlingsplan for idrett og friluftsliv 2026-2029
075/25	Revidert eigarstrategi - Valdres Energi AS - 2.handsaming
076/25	Endring møtedato kommunestyret 11-12.juni 2026
077/25	Samlesak for referatsaker

070/25 Godkjenning av innkalling og møteprotokoll fra forrige møte

11.12.2025 Kommunestyret

Behandling

Samrøystes (16)

KS - 070/25 Vedtak:

Innkalling og protokoll frå førre møte godkjend.

071/25 Handlings- og økonomiplan 2026-2029 - handsaming i kommunestyret

Forslag til vedtak:

Kommunestyret legg det vedlagte årsbudsjettet for 2026 og handlings- og økonomiplanen for 2026 - 2029 fram for kommunestyret med følgjande forslag til vedtak:

1) Årsbudsjettet for 2026 og handlings- og økonomiplanen for 2026-2029 blir vedteke slik det går fram av vedlagte dokument og med dei endringar som framkjem i vedtaket her.

2) Investeringsbudsjettet for Vestre Slidre kommune for 2026 vert godkjent med ei totalt ramme på kr 84 087 500, med eit nytt låneopptak på inntil kr 65 850 000.

3) Vanleg skatt på inntekt og formue i 2026 vert fastsett lik høgaste sats Stortinget godkjenner.

4) Nye satsar for eigenbetaling/gebyr blir i samsvar med vedlagt gebyrhefte til økonomiplanen for 2026-2029.

· Gebyr der Stortinget fastsett sats, skal Vestre Slidre kommune nytta maksimal sats.

5) Vatn og avløp skal vera 100% finansiert som sjølvkost. Dersom det ikkje er midlar på fond til å dekkja årsunderskotet skal underskotet framførast til dekking seinare år.

6) I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3a, vert det i 2026 skrive ut eigedomsskatt for fast eigedomar i heile kommunen, med følgjande vilkår:

Den alminnelege promillesatsen vert sett til 7,0 promille jf eigedomsskattelova §11. Differensiert skattesats for bustader og fritidsbustader vert sett til 2,0 promille jf eigedomsskattelova §§ 11 og 12a. Differensiert sats for ubebygde grunneigedomar/tomert vert sett til 1,5 promille jf eigedomsskattelova § 12b. Jf kommunestyresak 012/25.

I tillegg til eigedomar nemnt i § 5 i eigedomsskattelova, vedtek kommunestyret fritak for eigedomsskatt i 2026 for eigedomar nemnt i § 7 a-d. Dette gjeld eigedomar til lag og foreiningar (§ 7a), bygningar som har historisk verdi (§ 7b), fritak for bustadeigedomar oppført etter 01.01.2016 i 10 år etter dato for ferdigattest (§ 7 c), samt eigedomar i visse deler av kommunen (§ 7d).

Takstvedtektene for eigedomsskatt i Vestre Slidre kommune vedtekne i kommunestyret 13.09.2013 skal gjelde for eigedomsskatteåret 2026, jmf eigedomsskattelova § 10.

Eigedomsskatten vert skriven ut i to eller fleire terminar, jmf eigedomsskattelova § 25 fyrste ledd.

7) Kommunestyret ber kommunedirektøren om å implementere Kommunestyret sitt vedtak av mai 2025, sak KS 028/25 om å styrke kraft- og næringsfondet med kr 1 mill i endeleg Handlings- og økonomiplan 2026-2029. Inndekning gjennom auka inntekt i statsbudsjettet. Kommunestyret ber om gjennomgang av vedtekter for fondet for bruk i budsjettsamanheng primo 2026.-

8) Formannskapet ynskjer meir opplysning om budsjettert Va utbygging i andre kommunar utført av Vestre Slidre kommune, fram til slutthandsaming i kommunestyret. Det går på korleis dette verker inn sjølvkost, anleggsbidrag frå utbyggjar, kapasitet og for eige kommune.

9) Støtte til skiløyper blir auka med kr 80 000. Inndekning frå eksisterande midlar på Kraft- og næringsfondet.

10) Kommunestyret ber Kommunedirektøren sjå til at 9.klasse ved Vestre Slidre skule gjennomfører årleg tur til Fondsbu. Kostnad til tur blir difor lagt tilbake i budsjettet, totalt kr 50 000. Inndekning ved redusert årsresultat for kommunen i planperioden.

11.12.2025 Kommunestyret

Behandling

Tilleggsforslag, foreslått av Eivind Brenna, Bygdelista

Kommunestyret ser det som positivt at det er lærebøker på alle trinn og fag.

Planstrategi for næringsutvikling/nye næringsområder, foreslått av Haldor Ødegård, Senterpartiet

Kommunestyret ser behov for auka fokus på ein god og oppdatert næringsstrategi for Vestre Slidre, der behov for attraktive næringsområde er ein viktig del av strategien

Kommunestyret bestiller sak innan mars 2026 for ein planstrategi, der administrasjonen også synleggjer tidslinje, kostnad og moglegheit for ein oppdatert/ny næringsstrategi. Eksisterande miljø/områder som i/i nærleiken av Røn og Lomen industriområde kan vera ein naturleg base for slikt arbeid.

Tilleggsforslag, foreslått av Eivind Brenna, Bygdelista

Kommunestyret ber om at ambulerande vaktmestertjeneste for heimebuande og kva rolle Vestre Slidre kommune bør ha eit slikt tiltak, blir vurdert som ein del av arbeidet til kommunestyre komiteen- Plan for eldrepolitikk. Mandat for komiteen blir sak på fyrste kommunestyremøte i 2026. Då må ein sjå på om det kan løysast best i privat eller offentleg regi? Kan Frivillighetssentralen ta ei rolle? Skal det være sjølvfinansiering og/ eller gjennom kommunale vedtak, bør alt være ein del av utgreinga.

Tilleggsforslag, foreslått av Gerd Nanti Vika Helle, Senterpartiet
Kulturmiddel- tildelinga frå kommunen blir utvida med kr.25.000.
Inndekning ved auka inntekter frå staten.

VA, foreslått av Haldor Ødegård, Senterpartiet
Alternativt vedtak oppfølgingsforslag punkt 8

8 A.

Kommunestyret ser behov for meir opplysningar om avtaleverk og bidrag frå utbyggjar i andre kommunar som ynskjer tilkopling til Vestre Slidre sin VA infrastruktur og korleis dette påverkar sjølvkost og lånegrad.

Kommunestyret er av den oppfatning at VA avtaler bør ha minimum tilsvarende økonomiske bidrag for utbygging i nabokommunar som for utbygging i Vestre Slidre, tilkopla same VA infrastruktur. Destinasjonsavtaler i same destinasjon må på tilsvarende lik linje signerast, før tilkopling blir godkjent.

Avtalene skal til politisk handsaming i Vestre Slidre kommune, på lik linje med krav i Vestre Slidre og før tilkopling og avtale om overtaking av infrastruktur blir godkjent.

Kommunestyret ber kommunedirektør syte for dette, før nye avtaler blir signert, samt gjennomgå eksisterende avtaler

Kommunestyret ber om sak på desse forholda innan juni 2026

8 B.

Sett i lys av dei store VA investeringane i eige kommune, ynskjer kommunestyret ein eige temadag innan juni 2026, der investeringsgrad, delegering og politiske vedtak, budsjettering, gjennomgang av vår VA infrastruktur, besøk på dei største anlegga våre, status på tilkoplingsavgrensing/stopp, korleis investeringane vil påverke sjølvkost og generell kunnskapsdeling om VA blir tema. Kommunestyret ber om eige sak om dei største VA-investeringane.

Tilleggsforslag: Klimasats-midlar, foreslått av Ketil Rogn-Hamre, Miljøpartiet De Grønne
Kommunestyret bed administrasjonen greie ut om det er mogleg å søkje klimasats-midlar frå Miljødirektoratet til investeringsprosjekt som t.d. skule- og kulturhus, oppgradering kommunale bygg, sentrumstiltak og Prestegardshavnin.

Oskarsbakkin, foreslått av Haldor Ødegård, Senterpartiet
Kommunestyret vedtek alternativ 2 i kommunedirektøren sin vurdering, som ligg som alternativ i saka

Tilleggsforslag:, foreslått av Endre Stee , Senterpartiet
Kommunestyret ber administrasjonen utarbeide eit forslag til korleis behovet for spørsmål og avklaringar til framlagt Handlings- og økonomiplan betre kan imøtekomast før politisk behandling. Forslaget blir presentert på kommunestyremøtet for Handlings- og økonomiplan i juni, slik at det kan kome på plass til neste års prosess.

Prinsippsak om deling av gardsbruk, foreslått av Frode Rolandsgard, Senterpartiet
Kommunestyret ber om at alle frådelingssaker blir lagt på vent til vi får ei prinsippsak om deling av gardsbruk og delegeringsreglement.

Avrøysting alle forslag unntatt forslag om jordlova og delingssaker.
Samrøystes (15)

Forslag om prinsippsak jordlova - 13 for 2 mot
Samla avrøysting Samrøystes (15)

Kommunestyret gir munnleg støtte til at administrasjonen endrar budsjett 2025 og åra framover slik at rammetilskot og skatteinngang, estimert auka med ca kr 1,5 mill som følge av endeleg statsbudsjett for 2026 når endeleg versjon av Handlings- og økonomiplan 2026-2029 blir utarbeidd.

KS - 071/25 Vedtak:

Kommunestyret legg det vedlagte årsbudsjettet for 2026 og handlings- og økonomiplanen for 2026 - 2029 fram for kommunestyret med følgjande forslag til vedtak:

1) Årsbudsjettet for 2026 og handlings- og økonomiplanen for 2026-2029 blir vedteke slik det går fram av vedlagte dokument og med dei endringar som framkjem i vedtaket her.

2) Investeringsbudsjettet for Vestre Slidre kommune for 2026 vert godkjent med ei totalt ramme på kr 84 087 500, med eit nytt låneopptak på inntil kr 65 850 000.

3) Vanleg skatt på inntekt og formue i 2026 vert fastsett lik høgaste sats Stortinget godkjenner.

4) Nye satsar for eigenbetaling/gebyr blir i samsvar med vedlagt gebyrhefte til økonomiplanen for 2026-2029.
· Gebyr der Stortinget fastsett sats, skal Vestre Slidre kommune nytta maksimal sats.

5) Vatn og avløp skal vera 100% finansiert som sjølvkost. Dersom det ikkje er midlar på fond til å dekkja årsunderskotet skal underskotet framførast til dekking seinare år.

6) I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3a, vert det i 2026 skrive ut eigedomsskatt for fast eigedomar i heile kommunen, med følgjande vilkår:

Den alminnelege promillesatsen vert sett til 7,0 promille jf eigedomsskattelova §11. Differensiert skattesats for bustader og fritidsbustader vert sett til 2,0 promille jf eigedomsskattelova §§ 11 og 12a. Differensiert sats for ubebygde grunneigedomar/tomert vert sett til 1,5 promille jf eigedomsskattelova § 12b. Jf kommunestyresak 012/25.

I tillegg til eigedomar nemnt i § 5 i eigedomsskattelova, vedtek kommunestyret fritak for eigedomsskatt i 2026 for eigedomar nemnt i § 7 a-d. Dette gjeld eigedomar til lag og foreiningar (§ 7a), bygningar som har historisk verdi (§ 7b), fritak for bustadeigedomar oppført etter 01.01.2016 i 10 år etter dato for ferdigattest (§ 7 c), samt eigedomar i visse deler av kommunen (§ 7d).

Takstvedtektene for eigedomsskatt i Vestre Slidre kommune vedtekne i kommunestyret 13.09.2013 skal gjelde for eigedomsskatteåret 2026, jmf eigedomsskattelova § 10. Eigedomsskatten vert skriven ut i to eller fleire terminar, jmf eigedomsskattelova § 25 fyrste ledd.

7) Kommunestyret ber kommunedirektøren om å implementere Kommunestyret sitt vedtak av mai 2025, sak KS 028/25 om å styrke kraft- og næringsfondet med kr 1 mill i endeleg Handlings- og økonomiplan 2026-2029. Inndekning gjennom auka inntekt i statsbudsjettet. Kommunestyret ber om gjennomgang av vedtekter for fondet for bruk i budsjettsamanheng primo 2026.-

8 A)

Kommunestyret ser behov for meir opplysningar om avtaleverk og bidrag frå utbyggjar i andre kommunar som ynskjer tilkopling til Vestre Slidre sin VA infrastruktur og korleis dette påverkar sjølvkost og lånegrad.

Kommunestyret er av den oppfatning at VA avtaler bør ha minimum tilsvarende økonomiske bidrag for utbygging i nabokommunar som for utbygging i Vestre Slidre, tilkopla same VA infrastruktur. Destinasjonsavtaler i same destinasjon må på tilsvarende lik linje signerst, før tilkopling blir godkjent.

Avtalene skal til politisk handsaming i Vestre Slidre kommune, på lik linje med krav i Vestre Slidre og før tilkopling og avtale om overtaking av infrastruktur blir godkjent.

Kommunestyret ber kommunedirektør syte for dette, før nye avtaler blir signert, samt gjennomgå eksisterende avtaler

Kommunestyret ber om sak på desse forholda innan juni 2026

8 B)

Sett i lys av dei store VA investeringane i eige kommune, ynskjer kommunestyret ein eige temadag innan juni 2026, der investeringsgrad, delegering og politiske vedtak, budsjettering, gjennomgang av vår VA infrastruktur, besøk på dei største anlegga våre, status på tilkoplingsavgrensing/stopp, korleis investeringane vil påverke sjølvkost og generell kunnskapsdeling om VA blir tema. Kommunestyret ber om eige sak om dei største VA-investeringane.

9) Støtte til skiløyper blir auka med kr 80 000. Inndekning frå eksisterande midlar på Kraft- og næringsfondet.

10) Kommunestyret ber Kommunedirektøren sjå til at 9.klasse ved Vestre Slidre skule gjennomfører årleg tur til Fondsbu. Kostnad til tur blir difor lagt tilbake i budsjettet, totalt kr 50 000. Inndekning ved redusert årsresultat for kommunen i planperioden.

11) Kommunestyret ser det som positivt at det er lærebøker på alle trinn og fag.

12) Kommunestyret ser behov for auka fokus på ein god og oppdatert næringsstrategi for Vestre Slidre, der behov for attraktive næringsområde er ein viktig del av strategien. Kommunestyret bestiller sak innan mars 2026 for ein planstrategi, der administrasjonen også synleggjer tidslinje, kostnad og moglegheit for ein oppdatert/ny næringsstrategi. Eksisterande miljø/områder som i/i nærleiken av Røn og Lomen industriområde kan vera ein naturleg base for slikt arbeid.

13) Kommunestyret ber om at ambulerande vaktmestertjeneste for heimebuande og kva rolle Vestre Slidre kommune bør ha eit slikt tiltak, blir vurdert som ein del av arbeidet til kommunestyre komiteen- Plan for eldrepolitikk. Mandat for komiteen blir sak på fyrste kommunestyremøte i 2026. Då må ein sjå på om det kan løysast best i privat eller offentleg regi? Kan Frivillighetssentralen ta ei rolle? Skal det være sjølvfinansiering og/ eller gjennom kommunale vedtak, bør alt være ein del av utgreiinga.

14) Kulturmiddel- tildelinga frå kommunen blir utvida med kr.25.000. Inndekning ved auka inntekter frå staten.

15) Kommunestyret bed administrasjonen greie ut om det er mogleg å søkje klimasats-midlar frå Miljødirektoratet til investeringsprosjekt som t.d. skule- og kulturhus, oppgradering kommunale bygg, sentrumstiltak og Prestegardshavnin.

16) Kommunestyret vedtek alternativ 2 i kommunedirektøren sin vurdering om Oskarsbakkin, som ligg som alternativ i saka

17) Kommunestyret ber administrasjonen utarbeide eit forslag til korleis behovet for spørsmål og avklaringar til framlagt Handlings- og økonimiplan betre kan imøtekomast før politisk behandling. Forslaget blir presentert på kommunestyremøtet for Handlings- og økonimiplan i juni, slik at det kan kome på plass til neste års prosess.

18) Kommunestyret ber om at alle frådelingssaker blir lagt på vent til vi får ei prinsippsak om deling av gardsbruk og delegeringsreglement.

072/25 Aktivitetsvegg - lekeareal - opsjon

Forslag til vedtak

1. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å realisere opsjonen i avtala med Valdresbygg AS om bygging av aktivitetsvegg og amfi.
2. Tiltaket er finansiert med tilskot frå Sparebankstiftelsen DNB.

Ugilde	Varamedl. møtte	Merknad
Kristine Ringsaker Vika		Fvl § 6 1.ledd pkt e
Marit Olvik		Fvl § 6 1.ledd pkt e

11.12.2025 Kommunestyret

Behandling

Kristine R Vika (styremedlem i turngruppa) spør seg inhabil - samrøystes inhabil (13)
Marit Olvik (leiar i Vestre Slidre idrettslag) spør seg inhabil - samrøystes inhabil (13)
Samrøystes (13)

KS - 072/25 Vedtak:

1. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å realisere opsjonen i avtala med Valdresbygg AS om bygging av aktivitetsvegg og amfi.
2. Tiltaket er finansiert med tilskot frå Sparebankstiftelsen DNB.

073/25 Anmodning om busetting av flyktningar 2026

Forslag til vedtak:

Kommunestyret vedtek å busetje 15 flyktningar i 2026. Familiegjenforeinte kjem i tillegg til dette talet.

11.12.2025 Kommunestyret

Behandling

Samrøystes (15)

KS - 073/25 Vedtak:

Kommunestyret vedtek å busetje 15 flyktningar i 2026. Familiegjenforeinte kjem i tillegg til dette talet.

074/25 Prioritert handlingsplan for idrett og friluftsliv 2026-2029

Forslag til vedtak:

Vestre Slidre kommunestyre vedtek prioritert handlingsprogram for utbygging av anlegg og områder for idrett og friluftsliv for 2026 - 2029 slik:

Prioritert handlingsprogram for utbygging av idrettsanlegg - kostnader og finansiering																
					2026			2027			2028			2029		
Prioritert	Type	Anleggstype	Stad	Kostnad i 1000kr	PR	SM	K	PR	SM	K	PR	SM	K	PR	SM	K
	1	Nærmiljø	Stier, turveger Eldvegen	Slidre	1590		495	495		300	300					
	2	Nærmiljø	Dagsturhytte, Eldvegen	Slidre	1200	300	300	300								
	3	Nærmiljø	Naturlekeplass, Eldvegen	Slidre	450		225	225								
	4	Nærmiljø	Fjordliv, Tingsteinen Eldvege	Slidre	1830				610	610	610					
	5	Nærmiljø	Storgapahuk, Eldvegen	Slidre	1160					580	580					
	6	Nærmiljø	Lys fotballbanen i Røn	Røn	300	50	150	100								
	7	Nærmiljø	Tribune ved fotballbanen i Røn	Røn	250				75	125	50					
	8	Nærmiljø	Isbane Vestre Slidre skule	Slidre												
	9	Nærmiljø	Lysanlegg Eggeåsen	Eggeåsen												
	10	Nærmiljø	Furukollen nærmiljøanlegg	Røn												
	1	Ordinært anleg	Basishall		resttildeling											
	2	Ordinært anleg	Vaset skiheiser lysanlegg													
	3	Ordinært anleg	Lysløype Vaset													
	4	Ordinært anleg	Fleirbrukshall													
	1	Friluftstiltak	Turveg Vasetvatnet 1	Vaset					650	750	100					
	2	Friluftstiltak	Turveg Vasetvatnet 2	Vaset								650	750	100		
	3	Friluftstiltak	Furukollen nærmiljøanlegg 2													

PR - private midlar

SM - spelemidlar

K - kommunale midlar

11.12.2025 Kommunestyret

Behandling

Samrøystes (15)

KS - 074/25 Vedtak:

Vestre Slidre kommunestyre vedtek prioritert handlingsprogram for utbygging av anlegg og områder for idrett og friluftsliv for 2026 - 2029 slik:

Prioritert handlingsprogram for utbygging av idrettsanlegg - kostnader og finansiering																
					2026			2027			2028			2029		
Prioritert	Type	Anleggstype	Stad	Kostnad i 1000k	PR	SM	K	PR	SM	K	PR	SM	K	PR	SM	K
	1	Nærmiljø	Stier, turveger Eldvegen	Slidre	1590		495	495	300	300						
	2	Nærmiljø	Dagsturhytte, Eldvegen	Slidre	1200	300	300	300								
	3	Nærmiljø	Naturlekeplass, Eldvegen	Slidre	450		225	225								
	4	Nærmiljø	Fjordliv, Tingsteinen Eldvege	Slidre	1830				610	610	610					
	5	Nærmiljø	Storgapahuk, Eldvegen	Slidre	1160					580	580					
	6	Nærmiljø	Lys fotballbanen i Røn	Røn	300	50	150	100								
	7	Nærmiljø	Tribune ved fotballbanen i Røn	Røn	250				75	125	50					
	8	Nærmiljø	Isbane Vestre Slidre skule	Slidre												
	9	Nærmiljø	Lysanlegg Eggeåsen	Eggeåsen												
	10	Nærmiljø	Furukollen nærmiljøanlegg	Røn												
	1	Ordinært anleg	Basishall		resttildeling											
	2	Ordinært anleg	Vaset skiheiser lysanlegg													
	3	Ordinært anleg	Lysløype Vaset													
	4	Ordinært anleg	Fleirbrukshall													
	1	Friluftstiltak	Turveg Vasetvatnet 1	Vaset				650	750	100						
	2	Friluftstiltak	Turveg Vasetvatnet 2	Vaset							650	750	100			
	3	Friluftstiltak	Furukollen nærmiljøanlegg 2													

PR - private midlar

SM - spelemidlar

K - kommunale midlar

075/25 Revidert eigarstrategi - Valdres Energi AS - 2.handsaming

Forslag til vedtak

Vestre Slidre kommunestyre vedtek det nye utkastet til eigarstrategi slik den er lagt fram.

Ugilde	Varamedl. møtte	Merknad
Frode Rolandsgard		Fvl § 6 1.ledd pkt e

11.12.2025 Kommunestyret

Behandling

Frode Rolandsgard spør seg inhabil - styremedlem i Valdres Energi - Samrøystes inhabil (14)

Samrøystes (14)

KS - 075/25 Vedtak:

Vestre Slidre kommunestyre vedtek det nye utkastet til eigarstrategi slik den er lagt fram.

076/25 Endring møtedato kommunestyret 11-12.juni 2026

Forslag til vedtak.

Det blir ikkje lagt fram forslag til vedtak.

11.12.2025 Kommunestyret

Behandling

Forslag om 18-19.juni vedteke 14 for 1 mot

KS - 076/25 Vedtak:

Kommunestyremøtet 11-12.juni blir flytta til 18-19.juni 2026.

077/25 Samlesak for referatsaker

11.12.2025 Kommunestyret

Behandling

Samrøystes (15)

KS - 077/25 Vedtak:

Referatsakene tas til orientering.

